




Olje- og energidepartementet

Postbokss 8138 Dep

0033 OSLO



Vår ref.  
04/2297-4/N-650//GUUM

Dykkar ref.

Dato:  
12.04.2005

## Melding om vedtak i sak 031/05/HST - Høyringsuttale frå Kvam herad NOU 2004 - 26. Endringar i reglar om heimfall.

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

### HST-031/05 Vedtak:

*"Heimfallsutvalet" har i NOU:2004:26 lagt fram innstilling om endring av lovgrunnlaget for heimfall, dvs. eigarskap til, vassfall og tilhøyrande anlegg. Fleirtalets-innstilling vil endra vesentleg på dagens rammevilkår.*

*Kvam heradsstyre meiner at det er viktig at det vert oppretthalde eit nasjonalt og offentleg eigarskap i kraftsektoren. Vasskraft er ein evigvarande ressurs som tilhøyrer fellekkapet. Ingen økonomisk noverdimodell greier å gje svar på verdien av rein og evigvarande energi for framtidige slekter.*

*Det er av nasjonal interesse å ha kontroll over den infrastrukturen som vasskraftsanlegga representerer.*

*Kommunane vert utsett for eit sterkt salspress ved innføring av ny konsesjon for alle verk samtidig. Kvam herad går mot ei ordning som truleg vil medføra at deler av norske vasskraftsressursar kjem over på utalandske hender av rein økonomiske grunnar.*

*Kvam heradsstyre meiner at den verdiskapinga som vert gjort ved å utnytting av naturressursane i distrikts-Norge skal koma distriktet til gode og gje grunnlag for regional utvikling. I Kvam er vasskraft ein av dei viktigaste naturessursane. Eigarskap til vatn vil verta viktig i framtida.*

*Mindretalet i utvalet viser til at det ikkje er brukt nok ressursar og tid på å forhandla med ESA for å tilpassa norsk konsesjonslovgjeving til EØS-avtalen. Kvam heradsstyre meiner det ikkje er rett å pressa fram dette lovframlegget for Stortinget før det er gjort ei skikkeleg avklaring i forhold til EØS-avtale.*

*Dersom NOU 2004:26 Heimfall vert lagt fram for Stortinget utan å ta omsyn til dei forhold som er peika på ovanfor, vil Kvam heradsstyre støtta mindretalet i Heimfallsutvalet om framtidig eigarstruktur og heimfallsordning. Primært er dette støtte til Transaksjonsmodellen og subsidiært til Rettighetsmodellen. Kvam heradsstyre viser elles stil grunngjeving frå mindretalet.*



Med helsing

*G. Utho Mæland*  
Gunnvor U. Mæland  
Sekretær

**Kopi til:**  
Hardangerrådet

Postboks 78

5780 KINSARVIK



## Kvam herad

### Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kvam formannskap	15.03.2005	062/05	KTRE
Kvam heradsstyre	05.04.2005	031/05	KTRE

<b>Avgjerd av:</b> <b>Saksh.:</b> Kjell Helvik	<b>Arkiv:</b> N-650 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 2004002297
---	---------------------------------------	---------------------------------

### Høyringsuttale frå Kvam herad NOU 2004 - 26. Endringar i reglar om heimfall.

#### Samandrag:

Denne saka gjeld at Kvam heradsstyre sender ein høyringsuttale om endring i lovverket for Heimfall (NOU 2004:26 Heimfall).

Heimfall gjeld eigarskap til vasskraft og anlegg knytt vasskraft. Heimfall tyder, etter noverande reglar, at eigarskapen til privat utbygde anlegg går tilbake til staten når konsesjonstida for utbygginga går ut.

For anlegg eigd av det offentlege (stat/fylke/kommune) gjeld ikkje same reglane. Offentleg eigde anlegg har evigvarande konsesjon slik det er i dag.

ESA meiner at staten etter EØS-reglane ikkje har lov til å handsama private og offentleg eigde kraftverk ulikt. Dette er ikkje avklara på grunn av at regjeringa ikkje har gjennomført forhandlingar med ESA om norske konsesjonsreglar.

Fleirtalet i utvalet går inn for å endra reglane slik at alle eigarar vert handsama likt. Dvs. at offentleg eller private/utalandsk eigde kraftverk ved tidspunktet for innføring av ny lov får konsesjon i 75 år. Etter denne perioden går anlegget tilbake til staten fullt og heilt eller 2/3 av det (dette er det dissens om i utvalet). Dersom berre 2/3 går tilbake til staten vil eigarane få ein evigvarande rett til 1/3 av anlegget. Kopla med at offentlege eigarar vil oppleve eit salspress, på grunn av store gevinstar, ved innføring av den nye lova og at Statkraft ikkje får kjøpa seg meir opp, vil truleg interessa frå utlandet vera stor for å kjøpa seg inn.

Resultatet kan verta at vi gå frå offentleg eigde kraftverk med evigvarande rettar til privat eller utalandske eigarar som ser drift av kraftverk i eit reint kommersielt bilete.

Saka har difor moment i seg som peikar svært lang framover og som gjeld råderett over ein av våre viktigaste naturressursar – vatn.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

”Heimfallsutvalet” har i NOU:2004:26 lagt fram innstilling om endring av lovgrunnlaget for heimfall, dvs. eigarskap til, vassfall og tilhøyrande anlegg.

Fleirtalets-innstilling vil endra vesentleg på dagens rammevilkår.

Kvam heradsstyre meiner at det er viktig at det vert oppretthalde eit nasjonalt og offentleg eigarskap i kraftsektoren. Vasskraft er ein evigvarande ressurs som tilhøyrrer fellesskapet. Ingen økonomisk noverdimodell greier å gje svar på verdien av rein og evigvarande energi for framtidige slekter.

Det er av nasjonal interesse å ha kontroll over den infrastrukturen som vasskraftsanlegga representerer.

Kommunane vert utsett for eit sterkt salspress ved innføring av ny konsesjon for alle verk samtidig. Kvam herad går mot ei ordning som truleg vil medføra at deler av norske vasskraftsressursar kjem over på utalandske hender av rein økonomiske grunnar.

Kvam heradsstyre meiner at den verdiskapinga som vert gjort ved å utnytting av naturressursane i distrikts-Norge skal koma distriktet til gode og gje grunnlag for regional utvikling. I Kvam er vasskraft ein av dei viktigaste naturressursane. Eigarskap til vatn vil verta viktig i framtida.

Mindretalet i utvalet viser til at det ikkje er brukt nok ressursar og tid på å forhandla med ESA for å tilpassa norsk konsesjonslovgjeving til EØS-avtalen. Kvam heradsstyre meiner det ikkje er rett å pressa fram dette lovframlegget for Stortinget før det er gjort ei skikkeleg avklaring i forhold til EØS-avtale.

Dersom NOU 2004:26 Heimfall vert lagt fram for Stortinget utan å ta omsyn til dei forhold som er peika på ovanfor, vil Kvam heradsstyre støtta mindretalet i Heimfallsutvalet om framtidig eigarstruktur og heimfallsordning. Primært er dette støtte til *Transaksjonsmodellen* og subsidiært til *Rettighetsmodellen*. Kvam heradsstyre viser elles stil grunngjeving frå mindretalet.

### **15.03.2005 Kvam formannskap**

#### **Framlegg frå ordførar Astrid Kristin Selsvold, Ap:**

Som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **Røysting:**

Framlegget frå ordførar Astrid Kristin Selsvold, Ap, fekk 9 røyster og vart samrøystes vedteke.

#### **FSK-062/05 Tilråding:**

”Heimfallsutvalet” har i NOU:2004:26 lagt fram innstilling om endring av lovgrunnlaget for heimfall, dvs. eigarskap til, vassfall og tilhøyrande anlegg.

Fleirtalets-innstilling vil endra vesentleg på dagens rammevilkår.

Kvam heradsstyre meiner at det er viktig at det vert oppretthalde eit nasjonalt og offentleg eigarskap i kraftsektoren. Vasskraft er ein evigvarande ressurs som tilhøyrer fellesskapet. Ingen økonomisk noverdimodell greier å gje svar på verdien av rein og evigvarande energi for framtidige slekter.

Det er av nasjonal interesse å ha kontroll over den infrastrukturen som vasskraftsanlegga representerer.

Kommunane vert utsett for eit sterkt salspress ved innføring av ny konsesjon for alle verk samtidig. Kvam herad går mot ei ordning som truleg vil medføra at deler av norske vasskraftsressursar kjem over på utalandske hender av rein økonomiske grunnar.

Kvam heradsstyre meiner at den verdiskapinga som vert gjort ved å utnytting av naturressursane i distrikts-Norge skal koma distriktet til gode og gje grunnlag for regional utvikling. I Kvam er vasskraft ein av dei viktigaste naturressursane. Eigarskap til vatn vil verta viktig i framtida.

Mindretalet i utvalet viser til at det ikkje er brukt nok ressursar og tid på å forhandla med ESA for å tilpassa norsk konsesjonslovgjeving til EØS-avtalen. Kvam heradsstyre meiner det ikkje er rett å pressa fram dette lovframlegget for Stortinget før det er gjort ei skikkeleg avklaring i forhold til EØS-avtale.

Dersom NOU 2004:26 Heimfall vert lagt fram for Stortinget utan å ta omsyn til dei forhold som er peika på ovanfor, vil Kvam heradsstyre støtta mindretalet i Hemfallsutvalet om framtidig eigarstruktur og heimfallsordning. Primært er dette støtte til *Transaksjonsmodellen* og subsidiært til *Rettighetsmodellen*. Kvam heradsstyre viser elles stil grunngeving frå mindretalet.

#### **05.04.2005 Kvam heradsstyre**

##### **Røysting:**

Tilrådinga frå Kvam formannskap fekk 27 røyster og vart samrøystes vedteke.

##### **HST-031/05 Vedtak:**

”Heimfallsutvalet” har i NOU:2004:26 lagt fram innstilling om endring av lovgrunnlaget for heimfall, dvs. eigarskap til, vassfall og tilhøyrande anlegg.

Fleirtalets-innstilling vil endra vesentleg på dagens rammevilkår.

Kvam heradsstyre meiner at det er viktig at det vert oppretthalde eit nasjonalt og offentleg eigarskap i kraftsektoren. Vasskraft er ein evigvarande ressurs som tilhøyrer fellesskapet. Ingen økonomisk noverdimodell greier å gje svar på verdien av rein og evigvarande energi for framtidige slekter.

Det er av nasjonal interesse å ha kontroll over den infrastrukturen som vasskraftsanlegga representerer.

Kommunane vert utsett for eit sterkt salspress ved innføring av ny konsesjon for alle verk samtidig. Kvam herad går mot ei ordning som truleg vil medføra at deler av norske vasskraftsressursar kjem over på utalandske hender av rein økonomiske grunnar.

Kvam heradsstyre meiner at den verdiskapinga som vert gjort ved å utnytting av naturressursane i distrikts-Norge skal koma distriktet til gode og gje grunnlag for regional utvikling. I Kvam er vasskraft ein av dei viktigaste naturressursane. Eigarskap til vatn vil verta viktig i framtida.

Mindretalet i utvalet viser til at det ikkje er brukt nok ressursar og tid på å forhandla med ESA for å tilpassa norsk konsesjonslovgjeving til EØS-avtalen. Kvam heradsstyre meiner det ikkje er rett å pressa fram dette lovframlegget for Stortinget før det er gjort ei skikkeleg avklaring i forhold til EØS-avtale.

Dersom NOU 2004:26 Heimfall vert lagt fram for Stortinget utan å ta omsyn til dei forhold som er peika på ovanfor, vil Kvam heradsstyre støtta mindretalet i Hemfallsutvalet om

framtidig eigarstruktur og heimfallsordning. Primært er dette støtte til *Transaksjonsmodellen* og subsidiært til *Rettighetsmodellen*. Kvam heradsstyre viser elles stil grunngjeving frå mindretalet.

**Lista inneheld sentrale dokument som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:**

JournalID	Journaldato	Tittel	Avsendar

X

## Saksopplysningar:

I Kvam herad vert det årleg produsert om lag 600 GWh elektrisk kraft. Størst produksjon skjer ved Bjølvo kraftverk (ca. 400 GWh), Samnangervassdraget (120 GWh), og Kvam Kraftverk (ca. 50 GWh). Det utgjer i underkant av 0,5% av den totale produksjonen i Noreg.

### Heimfallsinstituttet

Heimfall inneber at vassfall, vassdragsregulering og tilhøyrande kraftanlegg tilfall staten vederlagsfritt etter utløp av konsesjonsperioden.

Dagens Heimfallsinstitutt skil mellom offentlege og andre aktørar. Det er berre vassfall og reguleringar som ikkje vert rekna som offentlege som blir pålagt konsesjonar med heimfallsvilkår.

Offentleg eigde verk, som i dag representerer om lag 90% av ressursane, kan tildelast uavgrensa rett i tid til å driva vasskraftsproduksjon. EFTA Surveillance Authority (ESA) har reist spørsmålet om heimfallsreglane, slik dei er utforma i dag, er i strid med EØS-avtalen sine vilkåra om fri etableringsrett og fri kapitalrørsle.

### Heimfallsutvalet

Den 29. november 2002 sende Olje- og energidepartementet forslag til endring av heimfallsregimet ut på høyring. Prosessen vart kritisert, og i april 2003 var Heimfallsutvalet utnemnd. Utvalet har 12 medlemmer med representantar for stat, kommune, kraftbransje og arbeidstakersida. I tillegg to uavhengige medlemmer med økonomisk og juridisk bakgrunn.

### Historikk

Utbygging av norsk vasskraft starta for fullt for om lag 100 år sidan. Styresmaktene såg snart at det var viktig å få nytta denne unike ressursen til beste for fellesskapet. Det vart viktig for staten å vera aktiv for å unngå at viktig felleseige ikkje kom på utalandske eller private hender. I 1906 vart det innført konsesjonsplikt for erhverv av fallrettar og for utbygging av vassfall (Panikklova). Ved konsesjonslova av 1909 vart konsesjon gitt til private aktørar for ein bestemt tidsperiode, med lovbestemt rett for staten til vederlagsfritt å overta fallrettane og anlegga når konsesjonstida gjekk ut, såkalla heimfallsrett. For å gje vertskommunen for kraftutbygginga ein del av dei verdiane som tilfall staten, skulle dei få 1/3 av vasskraftsanlegget eller verdien av anlegget.

Heimfallsregelverket vart supplert med reglar for foregripe heimfall i 1969 og 1993. Dette instituttet gjev konsesjonæren høve til å forhandla med staten om forlenging av konsesjonsperioden. Bakgrunnen var blant anna at heimfall medførte at konsesjonæren ikkje alltid får inntektene som vert genererte over levetida til investeringa, noko som kan føra til at samfunnsøkonomiske lønsame prosjekt ikkje vert gjennomført eller vert utsette.

Konsesjonsplikt for erhverving av vassfall omfatta ikkje vassfall eigd av staten, fylkeskommunar eller kommunane.

I tida fram til om lag 1990 bygde det offentlege mykje el-kraft til alminneleg forsyning, medan nokre private kraftverk bygde ut til kraftintensiv industri. I 1990 vart energilova innført i Noreg. Lova bygde på marknadsbasert kraftomsetning. På 90-talet gjennomførte resten av Norden ei tilsvarande reform. I resten av Europa vert det prøvd på same slags deregulering. I dag er kraftsektoren flytta seg frå eit samfunnsperspektiv til å vera prega av idear og prinsipp frå ordinær forretningsverksemd. Sektoren er framleis prega av offentlig eigarskap. Kommunar og fylksekommunar eig ca. 40%, staten 50% og private 10%. Det er tilsvarande situasjon i dei fleste Europeiske land.

Energilova likestiller aktørane, medan resten av rammevilkåra er ulik for privat og offentlig eigde kraftver.

Ulike perspektiv i saka:

Saka har i seg fleire dimensjonar:

- |    |                            |           |
|----|----------------------------|-----------|
| 1. | Nasjonal dimensjon         | Eigarskap |
| 2. | Forholdet stat/kommune     | Eigarskap |
| 3. | Dei private konsesjonærane | Industri  |
| 4. | Vertskommunanes interesse  |           |

Dagens reglar:

- Etter dagens reglar er det ein evigvarande konsesjon til stat, kommunar og fylkeskommunar og foretak eigd av desse.
- Det er tidsavgrensa konsesjon på 60 år til private. Utalandske foretak , også eigd av offentlege organ er likestilt med private.
- Ved utløp av konsesjonstida tilfelle vassfallet og alle tilhøyrande anlegg staten vederlagsfritt (=heimfall)
- Omsetning av vassfall og reguleringsanlegg er konsesjonspliktig
- Ved overdraging frå offentleg til privat eige slik at den offentlege delen fell under 2/3 har styresmaktene lag til grunn at ny konsesjon på 60 år vert rekna frå opphavleg konsesjonstidspunkt eller utbyggingstidspunkt.

Utvalets innstilling

Utvalet er delt i dei fleste spørsmål i eit fleirtal og eit mindretal. Utvalets mindretal som er KS, LO og LVK har gitt ein felles mindretalsuttale.

Fleirtalets innstilling

- Like reglar for alle – tidsavgrensa konsesjon på 75 år rekna frå *lovendringstidspunktet*
- Konsesjonæren *skal på heimfallstidspunktet* ha ein ubetinga rett til ein del av det heimfalle anlegget.

Fleirtalet er delt i synet på om det skal vera *totalt heimfall* (3 rep.) eller *partielt heimfall*, dvs 2/3 (6 rep.)

Konsekvens av fleirtalet iflg NOU 2004:26 s 21:

*"De nye reglene vil føre til at omstruktureringen tar nye former og vil øke privat og utalandsk eierandel i kraftsektoren"*

*"Dersom kommuner , fylkeskommuner eller staten beslutter å avhende sine eireandeler er det sannsynlig at den partielle eireandelen som beholdes ved hjemfall blir reflektert i salgsprisen"*

Resultatet av fleirtalet forslag vil vera.

Dersom private og kommunale interesse får same rett til å eiga og staten først har heimfall etter 75 år, så kan dette føra til vesentleg sal av kommunale kraftverk til private aktørar. Det er stor sjanse for at kjøparen vil vera eit utalands selskap fordi Statkraft er blokkert for vidare oppkjøp (dominerande eigar i dag).

Dersom kommunane veit at dei etter 75 år må gje frå seg kraftverka til staten, så veit dei også at dei nye reglane vil vera ein unik sjanse for å selja til private interesser og realisera verdiane. Særleg vil dette gjelda distriktskommunar som i dag har ein sterkt pressa økonomi.

Energiveteranane, ei gruppe privatpersonar (bl. a. Erling Diesen, Finn Lied, Gunnar Vatten m.fl.) som har eit langt liv med arbeidserfaring frå Vassdrags- og energisektoren har gitt ein eigen uttale til endringsforslaget. Dei understreka at fleirtaletsforslaget vil føra til salspress og



utalands eigarskap. Partiell eigarskap vil gje utlendingar evigvarande konsesjon på norske ressursar.

Kåre Willoc har uttalt til Aftenposten 42.01.2005: ”*Til overmål vil de såkalte ”Hjemfallsutvalget” at konsesjonæren ved hjemfall har rett til ein andel i det hjemfalte markedsverdi. En slik gavepakke til private eiere vil ytterligere stimulere utlendingers interesse for å kjøpe norske vannkraftverk*”

Mindretalet sitt forslag

- Saka gjeld eigedomsrett til Norges viktigaste landbaserte næring, eigedomsrett til naturressursar og eigedomsrett til landets grunnleggjande infrastruktur. Vasskraftsektoren er i dag eigd 90% av det offentlege.
- Den offentlege eigarskapen har ein eigenverdi.

Transaksjonsmodellen

- Mindretalet går inn for ”transaksjonsmodellen” dvs.
  - a. Offentleg eigde kraftverk med evigvarande konsesjon vert vidareført inntil det vert gjennomført ei konsesjonsplikt - *transaksjon*
  - b. Alle *kjøparar* vert likestilte. Konsesjon på 60 år rekna frå transaksjonstidspunktet.
- Terskelen for konsesjonsplikt bør setjast lågt.
- Modellen inneber full marknadsopning, men gjev høve til at offentlege eigarar unngår heimfall til staten.
- Føreset ei EØS-avklaring.

Rettighetsmodellen

- Tidsavgrensa konsesjon for alle på 60 år, med heimfall til staten. Alle *kjøparar* vert likestilte.
- Dagens offentlege eigarar, som på heimfallstidspunktet blir fråteke sine evigvarande konsesjonar, vert gjeve lovfesta rett til ein andel i anlegget eller ein erstatning for det tapte heimfallet på 45%.

Retten ved heimfall gjeld berre for offentlege eigarar på det tidspunktet. Det er meint som ein stimulans til å vidareføra offentlig eigarskap.

Resultat av mindretalets forslag.

Full marknadsopning, men insentiv til framleis kommunalt eigarskap.

Kompensasjonen som mindretalet foreslår (45%) er større enn fleirtalets forslag, men gjeld til gjengjeld berre dei som har legitimt krav på kompensasjon, dvs. eigarar som i dag har evigvarande konsesjonar og misser dei ved heimfallstidspunktet.

Forhold til EØS-avtalen

ESA hevdar at norske konsesjonsreglar er i strid med EØS-avtalen

ESA angrip ikkje heimfallsinstituttet, men at norske private/utalandske aktørar vert handsama ulikt.

Mindretale etterlyser initiativ frå den norske stat til forhandlingar med ESA, noko som er hovudregelen i alle andre saker av nasjonal betydning. Mindretalet trur (ut frå tildlegare praksis i liknande saker) at det er mogleg å koma fram til ei løysing.

Dei private konsesjonærane

Fleiretalet går inn for at private konsesjonar vert nullstilte – og så tildelt på nye 75 år frå lovgjevingstidspunktet. Det vil letta vilkåra for private verk og er ei inntektsoverføring i noverdi frå vertskommune og stat. Utrekningar viser at det vil vera ei verdioverføring på 4,5 – 7,5 milliardar kroner frå vertskommunane til private selskap (aksjonærar).

#### Vertskommunens posisjon

Eit samla utval foreslår at vertskommunanes lovbestemt rett til inntil 1/3 av verdien eller andel av kraftverket vert vidareført (gjeld Bjølvo). Utvalet foreslår ny ei fordeling. Utvalets flertal på ni medlemmer foreslår ei ordning der det overskytande innanfor tredelen vert overført til regionalt nivå.

#### Fordeling til vertskommunane:

Produksjon	Opprinnelig fordeling	Fastlagt ny fordeling
Inntil 250 GWh	1/3 (33 prosent)	1/3 (33 prosent)
Mellom 250-500 GWh	1/4 (25 prosent)	1/10 (10 prosent)
Mellom 500 1.000 GWh	1/8 (12,5 prosent)	1/20 (5 prosent)
Over 1.000 GWh	1/8 (12,5 prosent)	1/200 (0,5 prosent)

#### Vurdering:

x